



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Volda samfunnshus, festsalen
Dato:	26.03.2026
Tid:	kl. 13.00

Frammøtte	Representerer	Funksjon
Connie Steffenakk Bakke	Ap	medlem
Lars Alv Haugen	Ap	medlem
Roger André Solheim	Ap	medlem
Sverre Leivdal	Ap	varaordfører
Asbjørn Tore Humberstet	Frp	medlem
Bjørnar Fylling	Frp	medlem
Elin Løvøy Wilhelmsen	Frp	medlem
Synnøve Mikkelsen Leirvik	Frp	medlem
Dan Helge Bjørneset	H	medlem
Edvin Dale	H	medlem
Heidi Berg-Rusten	H	medlem
Grevstad, perm kl. 17.00		
Sindre Rotevatn	H	medlem
Thore Heggen	H	medlem
Anders Egil Straume	KrF	medlem
Henning Holsvik	KrF	medlem
Jørund Stig Knardal	KrF	medlem
Henriette Hafsaas, perm. kl. 17.20	MDG	medlem
Gudrun Kløve Juuhl	R	medlem
Hans Peter Eidseflot	SP	medlem
Ingrid Salt	SP	medlem
Ola Perry Saure	SP	medlem
Olin Bruheim Løvlid	SP	medlem
Rebecca Riise Bjerknes, møtte kl. 16.35	SP	medlem
Sølvi Dimmen	SP	ordfører
Åsmund Seljeset	SP	medlem
Anne Karin Espe	SV	medlem
Gunnar Strøm	SV	medlem
Jan Erik Stokkeland	SV	medlem
Kari Aslaug Hasle	SV	medlem
Finn Arne Follstad	UAV	medlem
Stig Helland	V	medlem

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Margrete Trovåg	Ap	Amanda Trovåg	Ap
		Bjørneset	
Dagfinn Kristiansen	INP	Jonas Sollid Egset	INP
Rebecca Riise Bjerknes	SP	Ottar Bjørkedal	SP
til kl. 16.35			

Andre som møtte

Per Ivar Kongsvik – kommunalsjef oppvekst
Rune Sjurgard - kommunedirektør
Sonja Håvik – møtesekretær
Jomar Lygre Langeland - Civitas

Inhabile	Sak	Merknad
Sindre Rotevatn	20/26	Styreleiar i Tussa Kraft AS, jf. fvl. § 6, 1. l. e, nr. 2,
Sindre Rotevatn	20/26	Styreleiar i Tussa Kraft AS, jf. fvl. § 6, 1. l. e, nr. 2.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 08/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/909
PS 09/26	Godkjenning av protokoll	26/909
PS 10/26	Orienteringar	26/909
OS 10/26	Barnetråkk	26/656
OS 11/26	Søknad om oppstart og økonomisk støtte - Utreiing om kommunesamanslåing for kommunane Volda og Ørsta	20/4856
OS 12/26	Møte med Statens vegvesen 22.08.2024	24/3574
OS 13/26	Informasjon om helsereform	19/10189
OS 14/26	Kommunenes rolle i krise og krig	25/4277
OS 15/26	Status vedk ev kjøp av programvare pasientjournal	24/5109
OS 16/26	Overtidsbetaling for deltidstilsette – informasjon frå KS	19/10189
OS 17/26	Interkommunalt samarbeid på Søre Sunnmøre 2025. Årsrapport til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	23/2014
OS 18/26	Møteprotokoll - Volda kontrollutval - 29.01.2026	19/15644
OS 19/26	Møteprotokoll - Volda kontrollutval - 12.03.2026	19/15644
OS 20/26	Val i Tussa Kraft i 2026	26/296
OS 21/26	Protokoll frå ekstraordinær generalforsamling i Voldsfjordkryssing AS 02.02.2026	19/10060
OS 22/26	Møre og Romsdal jordskifterett - Årsmelding for 2025	19/17709
OS 23/26	Årsmelding 2025 - Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting	21/434
OS 24/26	Årsmelding Volda eldreråd 2025	21/432
PS 11/26	Behovsanalyse næringsareal	26/689
PS 12/26	Revidering av planstrategi	23/3208
PS 13/26	Mobilitetsstrategi	24/508
PS 14/26	Temaplan frivilligheit	25/3007
PS 15/26	Ny generell del av rammeplanen for kulturskulen	26/712
PS 16/26	Godkjenning etter miljøretta helsevern	25/4116
PS 17/26	Prosjektrapport - Forvaltningsrevisjon Sakshandsaming/etterleving av gjeldande rutinar og prosedyrar for helse og omsorg	25/468
PS 18/26	Årsmelding 2025 for Volda kontrollutval	24/411
PS 19/26	Årsplan for Volda kontrollutval 2026	25/381
PS 20/26	Utbyggingsavtale Tussa Energi AS - Nye Tussa Kraftverk på Bjørke	26/102
PS 21/26	Høyringssvar til kommunekommisjonens NOU 1	26/831
PS 22/26	Val av styremedlem og varamedlem til Sunnmøre friluftsråd (KO) for perioden 2026-2028	22/2955
PS 23/26	Sunnmøre regionråd - Omdanning frå interkommunalt selskap (IKS) til interkommunalt politisk råd (IPR) som eige rettssubjekt	21/6137
PS 24/26	Barnehagetilbod på Folkestad	26/711
PS 25/26	Interpellasjon	26/909
IS 01/26	Interpellasjon frå MDG: Fjordhelse og lokal kontroll over oppdrett i kommunen	26/902
PS 26/26	Grunngjeve spørsmål	26/909

- GS 03/26 Grunngjeve spørsmål frå MDG om mat i SFO på skulane i 26/901
Volda kommune
- GS 01/26 Grunngjeve spørsmål om bemanning i barnehage - 26/843
Rebecca Riise Bjerknes, SP
- GS 02/26 Grunngjeve spørsmål frå Raudt - Redusert bemanning i 26/844
barnehagane og søknad om øyremerka midlar

Volda, 27.03.2026

Sølvi Dimmen
ordførar

PS 08/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste, med endring frå ordføraren, vart godkjent.

Behandling:

Innleiingsvis hadde kulturskulen eit musikkinnslag. Felix Beleuta Aguilar spelte saman med læraren sin, Ragnhild Engeset, Cavatina (S. Myers) frå filmen Hjortejegeren. Felix går i 7. klasse på Bratteberg skule.

Ordføraren bad om at PS 11/26 Behovsanalyse næringsareal vert handsama først i møtet.

Gunnar Strøm (SV) viste til omfattande sakliste, og sa at fleire av sakene burde vore innom tenesteutval for oppvekt og kultur og tenesteutval for helse og omsorg. Ordføraren svara at ordninga vert evaluert som tidlegare vedtatt.

PS 09/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Møteprotokollen frå møte 05.02.2026 vart godkjent.

PS 10/26 Orienteringar

OS 10/26 Barnetråkk

OS 11/26 Søknad om oppstart og økonomisk støtte - Utgreiing om kommunesamanslåing for kommunane Volda og Ørsta

OS 12/26 Møte med Statens vegvesen 22.08.2024

OS 13/26 Informasjon om helsereform

OS 14/26 Kommunenes rolle i krise og krig

OS 15/26 Status vedk ev kjøp av programvare pasientjournal

OS 16/26 Overtidsbetaling for deltidstilsette – informasjon frå KS

OS 17/26 Interkommunalt samarbeid på Søre Sunnmøre 2025. Årsrapport til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

OS 18/26 Møteprotokoll - Volda kontrollutval - 29.01.2026

OS 19/26 Møteprotokoll - Volda kontrollutval - 12.03.2026

OS 20/26 Val i Tussa Kraft i 2026

Inhabile	Merknader
Sindre Rotevatn	Styreleiar i Tussa Kraft AS, jf. fvl. § 6, 1. l. e, nr. 2,

OS 21/26 Protokoll frå ekstraordinær generalforsamling i Voldsfjordkryssing AS 02.02.2026

OS 22/26 Møre og Romsdal jordskifterett - Årsmelding for 2025

OS 23/26 Årsmelding 2025 - Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting

OS 24/26 Årsmelding Volda eldreråd 2025

PS 11/26 Behovsanalyse næringsareal

Vedtak:

1. Kommunestyret tek sluttrapport «Behovsanalyse næringsareal – Volda kommune» til vitande.
2. Kommunestyret legg til grunn at rapporten kan vere styrande kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling av næringsareal i Volda kommune. Rapporten sine vurderingar og prioriteringar kan særleg leggjast til grunn i revisjon av kommuneplanens arealdel, utarbeiding av områdeplan for Furene, gjennomgang av eldre urealiserte næringsareal, prioritering av transportnære areal og vurdering av bruk av tunnelmassar frå E39 Volda–Furene.
3. Kommunestyret understrekar at utvikling av framtidsretta og attraktive næringsareal er ein føresetnad for å styrke Volda/Ørsta si rolle som del av «den fjerde byen» i Møre og Romsdal. Arbeidet kan nyttast aktivt i vidare regional dialog og samarbeid med Ørsta kommune om næringsutvikling og arealstrategi, med mål om løysingar som styrkjer utviklingskrafta i heile regionen og samstundes tek vare på Volda sine eigne utviklingsmoglegheiter.
4. Kommunedirektøren vert bedt om å leggje fram nødvendige plan- og oppfølgingssaker for politisk handsaming i tråd med rapporten sine vurderingar.
5. Eventuelle økonomiske prioriteringar vert handsama gjennom ordinær økonomiplan- og budsjettprosess.

Behandling:

Jomar Lygre Langeland frå Civitas orienterte om behovsanalyse for næringsareal.

Forslag til vedtak:

Endringsforslag frå Dan Helge Bjørneset (H):

Pkt. 2 Byte ut "skal" med kan.

Pkt. 3 Byte ut "skal med kan. Skal stå Volda/Ørsta.

Votering

Endringsforslaget frå Dan Helge Bjørneset (H) fekk 31 stemmer og vart vedtatt, 2 stemte mot.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), H (5 stemmer), AP (5 stemmer), FrP (4 stemmer), KrF (3

stemmer), SV (2 stemmer), V (1 stemme), UAV (1 stemme), R (1 stemme), INP (1 stemme), MDG (1 stemme)

Stemte mot parti: 2 SV (Gunnar Strøm (SV), Kari Aslaug Hasle (SV))

Innstillinga frå formannskapet, med endring frå Dan Helge Bjørneset (H), vart einstemmig vedtatt.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 17.03.2026 - 24/26

1. Kommunestyret tek sluttrapport «Behovsanalyse næringsareal – Volda kommune» til vitande.
2. Kommunestyret legg til grunn at rapporten skal vere styrande kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling av næringsareal i Volda kommune. Rapporten sine vurderingar og prioriteringar skal særleg leggjast til grunn i revisjon av kommuneplanens arealdel, utarbeiding av områdeplan for Furene, gjennomgang av eldre urealiserte næringsareal, prioritering av transportnære areal og vurdering av bruk av tunnelmassar frå E39 Volda–Furene.
3. Kommunestyret understrekar at utvikling av framtidsretta og attraktive næringsareal er ein føresetnad for å styrke Ørsta/Volda si rolle som del av «den fjerde byen» i Møre og Romsdal. Arbeidet skal nyttast aktivt i vidare regional dialog og samarbeid med Ørsta kommune om næringsutvikling og arealstrategi, med mål om løysingar som styrkjer utviklingskrafta i heile regionen og samstundes tek vare på Volda sine eigne utviklingsmoglegheiter.
4. Kommunedirektøren vert bedt om å leggje fram nødvendige plan- og oppfølgingssaker for politisk handsaming i tråd med rapporten sine vurderingar.
5. Eventuelle økonomiske prioriteringar vert handsama gjennom ordinær økonomiplan- og budsjettprosess.

PS 12/26 Revidering av planstrategi

Vedtak:

Prioriterte planoppgåver i Volda kommune sin planstrategi for 2024–2028 vert oppdatert i tråd med vedlagte oversikt.

Behandling:

Votering

Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 17.03.2026 - 25/26

Prioriterte planoppgåver i Volda kommune sin planstrategi for 2024–2028 vert oppdatert i tråd med vedlagte oversikt.

PS 13/26 Mobilitetsstrategi

Vedtak:

Kommunestyret tek mobilitetsstrategien for Volda kommune til vitande. Mobilitetsstrategien skal leggst til grunn for vidare planarbeid, herunder områderegulering for indre sentrumssone, revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

Behandling:

Votering

Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 17.03.2026 - 26/26

Kommunestyret tek mobilitetsstrategien for Volda kommune til vitande. Mobilitetsstrategien skal leggst til grunn for vidare planarbeid, herunder områderegulering for indre sentrumssone, revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

PS 14/26 Temaplan frivilligheit

Vedtak:

1. Volda kommunestyre vedtek Temaplan for frivilligheit med verknad frå 1.4.2026.
2. Kommunestyret ber administrasjonen søkje om tilskot for om mogleg å opprette ein tredje frivilligsentral. Kommunestyret legg vekt på at kommunen sine frivilligsentralressursar vert samordna for å styrke frivillig innsats for innbyggjarane i heile kommunen.
3. Planen skal følgjast opp med ein årleg handlingsplan integrert i kommunen sin budsjett- og økonomiplan, slik at tiltaka vert godkjent i samband med handsaming av årsbudsjettet. Tiltaka i handlingsplan skal ha tverrsektoriell forankring og sjåast i samanheng med kommune kommunen si innsatstrapp.
4. Kommunestyret ber om at vedteken ordlyd i PS 92/25, pkt. 17, vert innarbeidd i Temaplan frivilligheit under omtalen av frivilligsentralane pkt. 3.5:
Volda kommunestyre ber administrasjonen søkje om å få opprette ein tredje frivilligsentral. Kommunestyret ynskjer å sjå på moglegheitene for å opprette ein frivilligsentral ung og ein frivilligsentral eldre, samstundes som ein opprettheld den sentralen som per i dag er aktiv. Ein ny frivilligsentral eldre kan vidareføre oppgåver som i dag vert utført av frivilligkoordinatorane ved Volda omsorgssenter, samt koordinere eit breitt spekter av frivillig innsats retta mot eldre. Ein ny frivilligsentral ung kan vidareføre oppgåver som i dag vert utført av kulturavdelinga, samt koordinere eit breitt spekter av frivillig innsats retta mot unge.
5. Kommunestyret ber om eiga sak om organisering av frivilligsentralar når administrasjonen har fått svar på søknad om oppretting av ein tredje frivilligsentral.

Behandling:

Forslag til vedtak:

Tilleggsforslag frå Kari Aslaug Hasle (SV):

PS 14/26 Temaplan frivilligheit – tilleggspunkt:

4. Kommunestyret ber om at vedteken ordlyd i PS 92/25, pkt. 17, vert innarbeidd i Temaplan frivilligheit under omtalen av frivilligsentralane pkt. 3.5:

Volda kommunestyre ber administrasjonen søkje om å få opprette ein tredje frivilligsentral. Kommunestyret ynskjer å sjå på moglegheitene for å opprette ein frivilligsentral ung og ein frivilligsentral eldre, samstundes som ein opprettheld den sentralen som per i dag er aktiv. Ein ny frivilligsentral eldre kan vidareføre oppgåver som i dag vert utført av frivilligkoordinatorane ved Volda omsorgssenter, samt koordinere eit breitt spekter av frivillig innsats retta mot eldre. Ein ny frivilligsentral ung kan vidareføre oppgåver som i dag vert utført av kulturavdelinga, samt koordinere eit breitt spekter av frivillig innsats retta mot unge.

5. Kommunestyret ber om eiga sak om organisering av frivilligsentralar når administrasjonen har fått svar på søknad om oppretting av ein tredje frivilligsentral.

Votering

Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Tilleggsforslaget frå Kari Hasle (SV) fekk 29 stemmer og vart vedtatt, 4 stemte mot.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), AP (5 stemmer), SV (4 stemmer), FrP (4 stemmer), KrF (3 stemmer), V (1 stemme), R (1 stemme), MDG (1 stemme), UAV (1 stemme), INP (1 stemme), H (1 stemme)

Stemte mot parti: H (4 stemmer)

Stemte for personar: Amanda Trovåg Bjørneset (AP), Connie Steffenakk Bakke (AP), Lars Alv Haugen (AP), Roger André Solheim (AP), Sverre Leivdal (AP), Asbjørn Tore Humberstet (FrP), Bjørnar Fylling (FrP), Elin Løvøy Wilhelmsen (FrP), Synnøve Mikkelsen Leirvik (FrP), Thore Heggen (H), Jonas Sollid Egset (INP), Anders Egil Straume (KrF), Henning Holsvik (KrF), Jørund Stig Knardal (KrF), Henriette Hafsaas (MDG), Gudrun Kløve Juuhl (R), Hans Peter Eidseflot (SP), Ingrid Salt (SP), Ola Perry Saure (SP), Olin Bruheim Løvlid (SP), Ottar Arve Bjørkedal (SP), Sølvi Dimmen (SP), Åsmund Seljeset (SP), Anne Karin Espe (SV), Gunnar Strøm (SV), Jan Erik Stokkeland (SV), Kari Aslaug Hasle (SV), Finn Arne Follestad (UAV), Stig Helland (V)

Stemte mot personar: Dan Helge Bjørneset (H), Edvin Dale (H), Heidi Berg-Rusten Grevstad (H), Sindre Rotevatn (H)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 17.03.2026 - 27/26

1. Volda kommunestyre vedtek Temaplan for frivilligheit med verknad frå 1.4.2026.

2. Kommunestyret ber administrasjonen søkje om tilskot for om mogleg å opprette ein tredje frivilligsentral. Kommunestyret legg vekt på at kommunen sine frivilligsentralressursar vert samordna for å styrke frivillig innsats for innbyggjarane i heile kommunen.

3. Planen skal følgjast opp med ein årleg handlingsplan integrert i kommunen sin budsjett- og økonomiplan, slik at tiltaka vert godkjent i samband med handsaming av årsbudsjettet. Tiltaka i handlingsplan skal ha tverrsektoriell forankring og sjåast i samanheng med

kommune kommunen si innsatstrapp.

PS 15/26 Ny generell del av rammeplanen for kulturskolen

Vedtak:

Volda kommune vedtek at ny generell del av «Rammeplan for kulturskolen – *kulturskole for alle*» vert innført, og skal leggest til grunn for vidare drift og utvikling av kulturskolen. Kommunestyret vedtek ny generell del av rammeplanen for kulturskolen slik den ligg føre.

Behandling:

Votering
Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 17.03.2026 - 28/26

Volda kommune vedtek at ny generell del av «Rammeplan for kulturskolen – *kulturskole for alle*» vert innført, og skal leggest til grunn for vidare drift og utvikling av kulturskolen. Kommunestyret vedtek ny generell del av rammeplanen for kulturskolen slik den ligg føre.

PS 16/26 Godkjenning etter miljøretta helsevern

Vedtak:

Med heimel i "Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger" § 15, og med bakgrunn av søknad av driftsgodkjenning datert 03.12.25, tilsynsrapport datert 27.01.26 og utbetringar vedtek kommunestyret at Tunåsen barnehage får driftsgodkjenning.

Behandling:

Votering
Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 17.03.2026 - 22/26

Med heimel i "Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger" § 15, og med bakgrunn av søknad av driftsgodkjenning datert 03.12.25, tilsynsrapport datert 27.01.26 og utbetringar vedtek kommunestyret at Tunåsen barnehage får driftsgodkjenning.

PS 17/26 Prosjektrapport - Forvaltningsrevisjon

Sakshandsaming/etterleving av gjeldande rutinar og prosedyrar for helse og omsorg

Vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsprosjektet "Sakshandsaming / etterleving av gjeldande rutinar og prosedyrar for helse- og omsorg", utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon KO, datert 19.01.2026.

2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:

a. Kommunen må sikre at all relevant informasjon vert journalført i fagsystemet, mellom anna kven som søker eller melder inn hjelpebehov på vegner av ein brukar, samt at signerte avtalar (til dømes om matombering og omsorgsstønad) vert skanna og arkiverte elektronisk.

b. Der saksbehandlingstida kan bli meir enn ein månad, skal kommunen så raskt som mogleg sende førebels svar til søkeren.

c. Kommunen må tydeleggjere og oppdatere skriftlege rutinar, mellom anna ved å spesifisere aktuelle lovreferansar der dette manglar

d. Kommunen må klargjere rutinen for omsorgsstønad med hensyn til om det skal gjennomførast heimebesøk eller fysisk møte ved revurdering eller fornying av avtalar.

3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren skal lage ei prioritert oversikt til kontrollutvalet innan 30.09.2026 som viser kva tiltak som skal settast i verk for å følge opp anbefalingane i rapporten, kven som har ansvaret og kva tid tiltaka skal iverksettast.

Behandling:

Votering

Innstillinga frå kontrollutvalet vart einstemmig vedtatt.

Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsprosjektet "Sakshandsaming / etterleving av gjeldande rutinar og prosedyrar for helse- og omsorg", utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon KO, datert 19.01.2026.

2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:

a. Kommunen må sikre at all relevant informasjon vert journalført i fagsystemet, mellom anna kven som søker eller melder inn hjelpebehov på vegner av ein brukar, samt at signerte avtalar (til dømes om matombering og

omsorgsstønad) vert skanna og arkiverte elektronisk.

b. Der saksbehandlingstida kan bli meir enn ein månad, skal kommunen så raskt som mogleg sende førebels svar til søkeren.

c. Kommunen må tydeleggjere og oppdatere skriftlege rutinar, mellom anna ved å spesifisere aktuelle lovreferansar der dette manglar

d. Kommunen må klargjere rutinen for omsorgsstønad med hensyn til om det skal gjennomførast heimebesøk eller fysisk møte ved revurdering eller fornying av avtalar.

3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren skal lage ei prioritert oversikt til kontrollutvalet innan 30.09.2026 som viser kva tiltak som skal settast i verk for å følge opp anbefalingane i rapporten, kven som har ansvaret og kva tid tiltaka skal iverksettast.

PS 18/26 Årsmelding 2025 for Volda kontrollutval

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for kontrollutvalet.

Behandling:

Votering

Innstillinga frå kontrollutvalet vart einstemmig vedtatt.

Kontrollutvalet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for kontrollutvalet.

PS 19/26 Årsplan for Volda kontrollutval 2026

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsplan 2026 for kontrollutvalet.

Behandling:

Votering

Innstillinga frå kontrollutvalet vart einstemmig vedtatt.

Kontrollutvalet si tilråding:

Kommunestyret godkjenner årsplan 2026 for kontrollutvalet.

PS 20/26 Utbyggingsavtale Tussa Energi AS - Nye Tussa Kraftverk på Bjørke

Vedtak:

Kommunestyret vedtek signering av vedlagte utkast til avtale om byggetiltak mellom Tussa Energi AS og Volda kommune i samband med utbygginga av nye Tussa kraftverk (effektoppgraderinga) på Bjørke.

Inhabile	Merknader
Sindre Rotevatn	Styreleiar i Tussa Kraft AS, jf. fvl. § 6, 1. l. e, nr. 2.

Behandling:

Redaksjonell endring: *Utbyggingsavtale* vert endra til *avtale om byggetiltak*.

Votering

Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 17.03.2026 - 56/26

Kommunestyret vedtek signering av vedlagte utkast til utbyggingsavtale mellom Tussa Energi AS og Volda kommune i samband med utbygginga av nye Tussa kraftverk (effektoppgraderinga) på Bjørke.

PS 21/26 Høyringssvar til kommunekommisjonen NOU 1

Vedtak:

1. Volda kommunestyre meiner prinsipielt at bemanningsnormer og formelle kompetansekrav er godt eigna og naudsynte verkemiddel i statens styring av kommunane. Bemanningsnormer og formelle kompetansekrav bidreg til å sikre gode og likeverdige tenester for innbyggjarar i kommune-Noreg. Nasjonale mistekrav sikrar forsvarlege tenester og hindrar uforsvarleg nedbygging av den kommunale velferda.

2. Dagens lærarnorm må stå fast og haldast på skulenivå. Norma er eit minstekrav som sikrar elevar nok lærarar og likeverdig undervisning. Blir norma flytta til kommunenivå, vil det opne for større skilnadar mellom skular og færre lærarårsverk i skulen samla sett. Det vil ramme elevar, føresette og tilsette i ei tid der stadig fleire barn og unge har samansette og komplekse utfordringar, og der ungt utanforskap er eit aukande problem.

3. Volda kommune støttar at dei formelle kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 blir oppheva, og viser til at dette allereie er dekt opp av lovgjevinga gjennom kommunane sitt ansvar for forsvarlege tenester og «sørge for-ansvaret».
4. Volda kommune går imot forslaget om å fjerne øyremerking av tilskot til veterinærdekning, pga. at dette kan få alvorlege konsekvensar for dyrevelferd, mattryggleik og smitteberedskap i kommunane. Volda kommune oppmodar samtidig om at ordninga blir styrka gjennom auke av veterinærvaktilskotet.
5. Volda kommunestyre vil behalde grunnskuletilskotet for å minske sentraliseringspresset og bidra til å oppretthalde busetnaden i kommunar med utfordrande geografi. Om det blir fjerna, vil det føre til sentralisering og skulenedleggingar, og gjere det mindre attraktivt å busette seg i distrikta.
6. Volda kommune støttar forslag om forenkling av Husbankens investeringstilskotsordning i tråd med kommisjonen sitt forslag.

Behandling:

Forslag til vedtak:

Endringsforslag frå Kari Aslaug Hasle (SV), på vegne av Sp, Ap, SV, Mdg og Raudt:

Framlegg til endringar i konkrete enkeltforslag for pkt. 1-3 og 5 i kommunedirektøren si tilråding ved Sp, Ap, SV, Mdg og Raudt:

1. Volda kommunestyre meiner prinsipielt at bemanningsnormer og formelle kompetansekrav er godt eigna og naudsynte verkemiddel i statens styring av kommunane. Bemanningsnormer og formelle kompetansekrav bidreg til å sikre gode og likeverdige tenester for innbyggjarar i kommune-Noreg. Nasjonale mistekrav sikrar forsvarlege tenester og hindrar uforsvarleg nedbygging av den kommunale velferda.

2. Dagens lærarnorm må stå fast og haldast på skulenivå. Norma er eit minstekrav som sikrar elevar nok lærarar og likeverdig undervisning. Blir norma flytta til kommunenivå, vil det opne for større skilnadar mellom skular og færre lærarårsverk i skulen samla sett. Det vil ramme elevar, føresette og tilsette i ei tid der stadig fleire barn og unge har samansette og komplekse utfordringar, og der ungt utanforskap er eit aukande problem.

3. Volda kommunestyre støttar ikkje at dei formelle kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 blir oppheva. Kompetansekrava sikrar rett kompetanse på rett stad. Å fjerne kompetansekrava vil svekke fagmiljø, gjere rekruttering vanskelegare, svekke kvaliteten og bidra til ulikskap i helsetenester.

5. Volda kommunestyre vil behalde grunnskuletilskotet for å minske sentraliseringspresset og bidra til å oppretthalde busetnaden i kommunar med utfordrande geografi. Om det blir fjerna, vil det føre til sentralisering og skulenedleggingar, og gjere det mindre attraktivt å busette seg i distrikta.

Nytt tilleggsforslag frå Gudrun Kløve Juuhl (R):

Nytt punkt:

Kommunestyret i Volda vil peika på at eit grunnleggjande problem som ligg til grunn til

*kommunekommisjonen sitt ynske om meir fleksibilitet, er for dårleg finansiering:
Overføringane frå staten til kommunen for å driva velferdstenester, må aukast.*

Votering

Punkt 1

Fellesforslaget fekk 23 stemmer og vart vedtatt, innstillinga frå formannskapet fekk 10 stemmer og fall.

Stemte for fellesforslaget parti: SP (7 stemmer), AP (5 stemmer), SV (4 stemmer), FrP (2 stemmer), KrF (1 stemme), R (1 stemme), MDG (1 stemme), V (1 stemme), UAV (1 stemme)

Stemte for innstillinga frå formannskapet parti: H (5 stemmer), FrP (2 stemmer), KrF (2 stemmer), INP (1 stemme)

Stemte for fellesforslaget personar: Amanda Trovåg Bjørneset (AP), Connie Steffenakk Bakke (AP), Lars Alv Haugen (AP), Roger André Solheim (AP), Sverre Leivdal (AP), Bjørnar Fylling (FrP), Elin Løvøy Wilhelmsen (FrP), Henning Holsvik (KrF), Henriette Hafsaas (MDG), Gudrun Kløve Juuhl (R), Hans Peter Eidseflot (SP), Ingrid Salt (SP), Ola Perry Saure (SP), Olin Bruheim Løvlid (SP), Ottar Arve Bjørkedal (SP), Sølvi Dimmen (SP), Åsmund Seljeset (SP), Anne Karin Espe (SV), Gunnar Strøm (SV), Jan Erik Stokkeland (SV), Kari Aslaug Hasle (SV), Finn Arne Follestad (UAV), Stig Helland (V)

Stemte for innstillinga frå formannskapet personar: Asbjørn Tore Humberstet (FrP), Synnøve Mikkelsen Leirvik (FrP), Dan Helge Bjørneset (H), Edvin Dale (H), Heidi Berg-Rusten Grevstad (H), Sindre Rotevatn (H), Thore Heggen (H), Jonas Sollid Egset (INP), Anders Egil Straume (KrF), Jørund Stig Knardal (KrF)

Punkt 2

Fellesforslaget fekk 23 stemmer og vart vedtatt, innstillinga frå formannskapet fekk 10 stemmer og fall.

Stemte for fellesforslaget parti: SP (7 stemmer), AP (5 stemmer), SV (4 stemmer), KrF (3 stemmer), V (1 stemme), R (1 stemme), MDG (1 stemme), FrP (1 stemme)

Stemte for innstillinga frå formannskapet parti: H (5 stemmer), FrP (3 stemmer), INP (1 stemme), UAV (1 stemme)

Stemte for fellesforslaget personar: Amanda Trovåg Bjørneset (AP), Connie Steffenakk Bakke (AP), Lars Alv Haugen (AP), Roger André Solheim (AP), Sverre Leivdal (AP), Bjørnar Fylling (FrP), Anders Egil Straume (KrF), Henning Holsvik (KrF), Jørund Stig Knardal (KrF), Henriette Hafsaas (MDG), Gudrun Kløve Juuhl (R), Hans Peter Eidseflot (SP), Ingrid Salt (SP), Ola Perry Saure (SP), Olin Bruheim Løvlid (SP), Ottar Arve Bjørkedal (SP), Sølvi Dimmen (SP), Åsmund Seljeset (SP), Anne Karin Espe (SV), Gunnar Strøm (SV), Jan Erik Stokkeland (SV), Kari Aslaug Hasle (SV), Stig Helland (V)

Stemte for innstillinga frå formannskapet personar: Asbjørn Tore Humberstet (FrP), Elin Løvøy Wilhelmsen (FrP), Synnøve Mikkelsen Leirvik (FrP), Dan Helge Bjørneset (H), Edvin Dale (H), Heidi Berg-Rusten Grevstad (H), Sindre Rotevatn (H), Thore Heggen (H), Jonas Sollid Egset (INP), Finn Arne Follestad (UAV)

Punkt 3

Fellesframlegget fekk 15 stemmer og fall, innstillinga frå formannskapet fekk 18 stemmer og vart vedtatt.

Stemte for fellesforslaget parti: AP (5 stemmer), SP (5 stemmer), SV (3 stemmer), MDG (1 stemme), R (1 stemme)

Stemte for innstillinga frå formannskapet parti: H (5 stemmer), FrP (4 stemmer), KrF (3 stemmer), SP (2 stemmer), SV (1 stemme), INP (1 stemme), V (1 stemme), UAV (1 stemme)

Stemte for fellesforslaget personar: Amanda Trovåg Bjørneset (AP), Connie Steffenakk

Bakke (AP), Lars Alv Haugen (AP), Roger André Solheim (AP), Sverre Leivdal (AP), Henriette Hafsaas (MDG), Gudrun Kløve Juuhl (R), Hans Peter Eidseflot (SP), Ingrid Salt (SP), Ola Perry Saure (SP), Olin Bruheim Løvlid (SP), Åsmund Seljeset (SP), Anne Karin Espe (SV), Gunnar Strøm (SV), Kari Aslaug Hasle (SV)

Stemte for innstillinga frå formannskapet personar: Asbjørn Tore Humberstet (FrP), Bjørnar Fylling (FrP), Elin Løvøy Wilhelmsen (FrP), Synnøve Mikkelsen Leirvik (FrP), Dan Helge Bjørneset (H), Edvin Dale (H), Heidi Berg-Rusten Grevstad (H), Sindre Rotevatn (H), Thore Heggen (H), Jonas Sollid Egset (INP), Anders Egil Straume (KrF), Henning Holsvik (KrF), Jørund Stig Knardal (KrF), Ottar Arve Bjørkedal (SP), Sølvi Dimmen (SP), Jan Erik Stokkeland (SV), Finn Arne Follestad (UAV), Stig Helland (V)

Punkt 4

Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Punkt 5

Fellesforslaget fekk 25 stemmer og vart vedtatt, innstillinga frå formannskapet fekk 8 stemmer og fall.

Stemte for fellesforslaget parti:: SP (7 stemmer), AP (5 stemmer), SV (4 stemmer), FrP (3 stemmer), KrF (2 stemmer), V (1 stemme), MDG (1 stemme), UAV (1 stemme), R (1 stemme)

Stemte for innstillinga frå formannskapet parti: H (5 stemmer), KrF (1 stemme), FrP (1 stemme), INP (1 stemme)

Stemte for fellesforslaget personar: Amanda Trovåg Bjørneset (AP), Connie Steffenakk Bakke (AP), Lars Alv Haugen (AP), Roger André Solheim (AP), Sverre Leivdal (AP), Bjørnar Fylling (FrP), Elin Løvøy Wilhelmsen (FrP), Synnøve Mikkelsen Leirvik (FrP), Henning Holsvik (KrF), Jørund Stig Knardal (KrF), Henriette Hafsaas (MDG), Gudrun Kløve Juuhl (R), Hans Peter Eidseflot (SP), Ingrid Salt (SP), Ola Perry Saure (SP), Olin Bruheim Løvlid (SP), Ottar Arve Bjørkedal (SP), Sølvi Dimmen (SP), Åsmund Seljeset (SP), Anne Karin Espe (SV), Gunnar Strøm (SV), Jan Erik Stokkeland (SV), Kari Aslaug Hasle (SV), Finn Arne Follestad (UAV), Stig Helland (V)

Stemte for innstillinga frå formannskapet personar: Asbjørn Tore Humberstet (FrP), Dan Helge Bjørneset (H), Edvin Dale (H), Heidi Berg-Rusten Grevstad (H), Sindre Rotevatn (H), Thore Heggen (H), Jonas Sollid Egset (INP), Anders Egil Straume (KrF)

Punkt 6

Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Forslaget frå Gudrun Kløve Juuhl (R) fekk 10 stemmer og fall, 23 stemmer mot.

Stemte for parti: SV (3 stemmer), FrP (3 stemmer), KrF (1 stemme), MDG (1 stemme), R (1 stemme), SP (1 stemme)

Stemte mot parti: SP (6 stemmer), AP (5 stemmer), H (5 stemmer), KrF (2 stemmer), V (1 stemme), INP (1 stemme), SV (1 stemme), UAV (1 stemme), FrP (1 stemme)

Stemte for personar: Bjørnar Fylling (FrP), Elin Løvøy Wilhelmsen (FrP), Synnøve Mikkelsen Leirvik (FrP), Henning Holsvik (KrF), Henriette Hafsaas (MDG), Gudrun Kløve Juuhl (R), Ola Perry Saure (SP), Anne Karin Espe (SV), Gunnar Strøm (SV), Kari Aslaug Hasle (SV)

Stemte mot personar: Amanda Trovåg Bjørneset (AP), Connie Steffenakk Bakke (AP), Lars Alv Haugen (AP), Roger André Solheim (AP), Sverre Leivdal (AP), Asbjørn Tore Humberstet (FrP), Dan Helge Bjørneset (H), Edvin Dale (H), Heidi Berg-Rusten Grevstad (H), Sindre Rotevatn (H), Thore Heggen (H), Jonas Sollid Egset (INP), Anders Egil Straume (KrF),

Jørund Stig Knardal (KrF), Hans Peter Eidseflot (SP), Ingrid Salt (SP), Olin Bruheim Løvlid (SP), Ottar Arve Bjørkedal (SP), Sølvi Dimmen (SP), Åsmund Seljeset (SP), Jan Erik Stokkeland (SV), Finn Arne Follestad (UAV), Stig Helland (V)

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Til konkrete enkeltforslag i NOU 1 2026

I. Volda kommune meiner prinsipielt at bemanningsnormer og formelle kompetansekrav er ueigna og unødvendige verkemiddel i statens styring av kommunane, og at dei bør unngåast.

II. Dagens lærarnorm bør endrast frå å gjelde på hovudtrinn per skule til kommunenivå.

III. Volda kommune støttar at dei formelle kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 blir oppheva, og viser til at dette allereie er dekt opp av lovgjevinga gjennom kommunane sitt ansvar for forsvarlege tenester og «sørge for-ansvaret».

IV. Volda kommune går imot forslaget om å fjerne øyremerking av tilskot til veterinærdekning, pga. at dette kan få alvorlege konsekvensar for dyrevelferd, mattryggleik og smitteberedskap i kommunane. Volda kommune oppmodar samtidig om at ordninga blir styrka gjennom auke av veterinærvakttilskotet.

V. Volda kommune støttar at grunnskuletilskotet blir avvikla, og at beløpet blir fordelt etter ordinære kostnadsnøklar i inntektssystemet.

VI. Volda kommune støttar forslag om forenkling av Husbankens investeringstilskotsordning i tråd med kommisjonen sitt forslag.

PS 22/26 Val av styremedlem og varamedlem til Sunnmøre friluftsråd (KO) for perioden 2026-2028

Vedtak:

Kommunestyret vel Rebecca Riise Bjerknes som styremedlem i Sunnmøre friluftsråd (KO) og Stig Helland som personleg vara.

Behandling:

Forslag til vedtak:

Nytt forslag frå Sølvi Dimmen (SP):

Kommunestyret vel Rebecca Riise Bjerknes som styremedlem i Sunnmøre friluftsråd (KO) og Stig Helland som personleg vara.

Votering

Forslaget frå ordføraren fekk 22 stemmer og vart vedtatt, tilrådinga frå valutvalet fekk 11 stemmer og fall.

Stemte for parti forslaget frå ordførar: SP (7 stemmer), AP (4 stemmer), SV (3 stemmer), KrF (3 stemmer), H (2 stemmer), INP (1 stemme), V (1 stemme), FrP (1 stemme)

Stemte for tilrådinga frå valutvalet parti: FrP (3 stemmer), H (3 stemmer), MDG (1 stemme), R (1 stemme), UAV (1 stemme), SV (1 stemme), AP (1 stemme)

Stemte for personar forslaget frå ordføraren: Amanda Trovåg Bjørneset (AP), Connie Steffenakk Bakke (AP), Roger André Solheim (AP), Sverre Leivdal (AP), Asbjørn Tore Humberget (FrP), Dan Helge Bjørneset (H), Edvin Dale (H), Jonas Sollid Egset (INP), Anders Egil Straume (KrF), Henning Holsvik (KrF), Jørund Stig Knardal (KrF), Hans Peter Eidseflot (SP), Ingrid Salt (SP), Ola Perry Saure (SP), Olin Bruheim Løvlid (SP), Ottar Arve Bjørkedal (SP), Sølvi Dimmen (SP), Åsmund Seljeset (SP), Gunnar Strøm (SV), Jan Erik Stokkeland (SV), Kari Aslaug Hasle (SV), Stig Helland (V)

Stemte for tilrådinga frå valutvalet personar: Lars Alv Haugen (AP), Bjørnar Fylling (FrP), Elin Løvøy Wilhelmsen (FrP), Synnøve Mikkelsen Leirvik (FrP), Heidi Berg-Rusten Grevstad (H), Sindre Rotevatn (H), Thore Heggen (H), Henriette Hafsaas (MDG), Gudrun Kløve Juuhl (R), Anne Karin Espe (SV), Finn Arne Follestad (UAV)

Valutvalet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret vel Annlaug Stokke som styremedlem i Sunnmøre friluftsråd (KO) og Stig Helland som personleg vara.

PS 23/26 Sunnmøre regionråd - Omdanning frå interkommunalt selskap (IKS) til interkommunalt politisk råd (IPR) som eige rettssubjekt

Vedtak:

Volda kommunestyre gjer om tidlegare vedtak om å legge ned Sunnmøre regionråd IKS.

Volda kommunestyre gjer om tidlegare vedtak om å slutte seg til samarbeidsavtalen for Sunnmøre regionråd IPR med Ålesund kommune som kontorkommune, og sluttar seg i staden til samarbeidsavtalen for Sunnmøre regionråd IPR som eige rettssubjekt.

Volda kommunestyre oppnemner ordførar som medlem og varaordførar som første varamedlem og Connie Steffenakk Bakke som andre varamedlem i representantskapet i Sunnmøre regionråd IPR som eige rettssubjekt.

Behandling:

Votering

Innstillinga frå valutvalet vart einstemmig vedtatt.

Valutvalet si innstilling til kommunestyret:

Volda kommunestyre gjer om tidlegare vedtak om å legge ned Sunnmøre regionråd IKS.

Volda kommunestyre gjer om tidlegare vedtak om å slutte seg til samarbeidsavtalen for Sunnmøre regionråd IPR med Ålesund kommune som kontorkommune, og sluttar seg i staden til samarbeidsavtalen for Sunnmøre regionråd IPR som eige rettssubjekt.

Volda kommunestyre oppnemner ordførar som medlem og varaordførar som første varamedlem og Connie Steffenakk Bakke som andre varamedlem i representantskapet i Sunnmøre regionråd IPR som eige rettssubjekt.

PS 24/26 Barnehage tilbud på Folkestad

Vedtak:

Kommunestyret ber administrasjonen parallelt avklare andre alternativ, inkludert utegruppe og om det som i dag er dagsenter på Folkestadtun kan frigjerast til barnehageformål, slik at barnehagen får utvida sitt leike- og opphaldsareal til å kunne tilby plass til alle som søker om det. Det er ein føresetnad at lokala stettar krava mellom anna til miljøretta helsevern. Tiltaket vert å sjå på som mellombels for barnehageåret 2026/2027.

Behandling:

Habilitet:

Jonas Sollid Egset (Inp) reiste spørsmål om habilitet, han har born i barnehagen og har delteke aktivt i lokalsamfunnet kring borna, jf. fvl. § 6. 2. ledd. Jonas Sollid Egset vart einstemmig kjent habil og han tok sete.

Kommunalsjef oppvekst, Per Ivar Kongsvik, svara på spørsmål frå kommunestyret.

Forslag til vedtak:

TREKT - Nytt forslag frå Bjørnar Fylling (Frp):

Kommunestyret ber administrasjonen avklare andre alternativ, inkludert utegruppe og om det som i dag er dagsenter på Folkestadtun kan frigjerast til barnehageformål, slik at barnehagen får utvida sitt leike- og opphaldsareal til å kunne tilby plass til alle som søker om det. Tiltaket vert å sjå på som mellombels for barnehageåret 2026/2027.

Bjørnar Fylling (Frp) trekte framlegget sitt.

Votering

Punkt 1 innstillinga frå formannskapet fekk 4 stemmer og fall, 29 stemmer mot.

Stemte for parti: H (4 stemmer)

Stemte mot parti: SP (7 stemmer), AP (5 stemmer), FrP (4 stemmer), SV (4 stemmer), KrF (3 stemmer), H (1 stemme), UAV (1 stemme), INP (1 stemme), V (1 stemme), MDG (1 stemme), R (1 stemme)

Stemte for personar: Dan Helge Bjørneset (H), Heidi Berg-Rusten Grevstad (H), Sindre Rotevatn (H), Thore Heggen (H)

Stemte mot personar: Amanda Trovåg Bjørneset (AP), Connie Steffenakk Bakke (AP), Lars Alv Haugen (AP), Roger André Solheim (AP), Sverre Leivdal (AP), Asbjørn Tore Humberget (FrP), Bjørnar Fylling (FrP), Elin Løvøy Wilhelmsen (FrP), Synnøve Mikkelsen Leirvik (FrP),

Edvin Dale (H), Jonas Sollid Egset (INP), Anders Egil Straume (KrF), Henning Holsvik (KrF), Jørund Stig Knardal (KrF), Henriette Hafsaas (MDG), Gudrun Kløve Juuhl (R), Hans Peter Eidseflot (SP), Ingrid Salt (SP), Ola Perry Saure (SP), Olin Bruheim Løvlid (SP), Rebecca Riise Bjerknes (SP), Sølvi Dimmen (SP), Åsmund Seljeset (SP), Anne Karin Espe (SV), Gunnar Strøm (SV), Jan Erik Stokkeland (SV), Kari Aslaug Hasle (SV), Finn Arne Follestad (UAV), Stig Helland (V)

Punkt 2 innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 17.03.2026 - 23/26

1. Ved tildeling av barnehageplass i 2026 skal ledig kapasitet nyttast, og plass vert å tildele der det er ledig kapasitet.
2. Kommunestyret ber administrasjonen parallelt avklare andre alternativ, inkludert utegruppe og om det som i dag er dagsenter på Folkestadtun kan frigjerast til barnehageformål, slik at barnehagen får utvida sitt leike- og opphaldsareal til å kunne tilby plass til alle som søker om det. Det er ein føresetnad at lokala stettar krava mellom anna til miljøretta helsevern. Tiltaket vert å sjå på som mellombels for barnehageåret 2026/2027.

PS 25/26 Interpellasjon

Vedtak:

Interpellasjonen vert teke opp til debatt i kommunestyret.

Behandling:

Votering

Votering om interpellasjonen skulle takast opp til debatt fekk 23 stemmer og vart vedtatt, 9 stemmer mot.

Stemte for parti: SP (6 stemmer), AP (5 stemmer), SV (4 stemmer), FrP (3 stemmer), R (1 stemme), MDG (1 stemme), V (1 stemme), INP (1 stemme), H (1 stemme)

Stemte mot parti: KrF (3 stemmer), H (3 stemmer), FrP (1 stemme), UAV (1 stemme), SP (1 stemme)

Stemte for personar: Amanda Trovåg Bjørneset (AP), Connie Steffenakk Bakke (AP), Lars Alv Haugen (AP), Roger André Solheim (AP), Sverre Leivdal (AP), Bjørnar Fylling (FrP), Elin Løvøy Wilhelmsen (FrP), Synnøve Mikkelsen Leirvik (FrP), Dan Helge Bjørneset (H), Jonas Sollid Egset (INP), Henriette Hafsaas (MDG), Gudrun Kløve Juuhl (R), Hans Peter Eidseflot (SP), Ingrid Salt (SP), Olin Bruheim Løvlid (SP), Rebecca Riise Bjerknes (SP), Sølvi Dimmen (SP), Åsmund Seljeset (SP), Anne Karin Espe (SV), Gunnar Strøm (SV), Jan Erik Stokkeland (SV), Kari Aslaug Hasle (SV), Stig Helland (V)

Stemte mot personar: Asbjørn Tore Humberget (FrP), Edvin Dale (H), Sindre Rotevatn (H), Thore Heggen (H), Anders Egil Straume (KrF), Henning Holsvik (KrF), Jørund Stig Knardal (KrF), Ola Perry Saure (SP), Finn Arne Follestad (UAV)

IS 01/26 Interpellasjon frå MDG: Fjordhelse og lokal kontroll over oppdrett i kommunen

Henriette Hafsaas (Mdg) la fram interpellasjonen for kommunestyret. Ordføraren svara på interpellasjonen.

PS 26/26 Grunngjeve spørsmål

GS 03/26 Grunngjeve spørsmål frå MDG om mat i SFO på skulane i Volda kommune

Henriette Hafsaas (Mdg) la fram grunngjeve spørsmål. Ordføraren svara på spørsmålet.

GS 01/26 Grunngjeve spørsmål om bemanning i barnehage - Rebecca Riise Bjerknes, SP

Rebecca Riise Bjerknes (SP) la fram grunngjeve spørsmål. Ordføraren svara på spørsmålet.

GS 02/26 Grunngjeve spørsmål frå Raudt - Redusert bemanning i barnehagane og søknad om øyremerka midlar

Gudrun Kløve Juuhl (R) la fram grunngjeve spørsmål. Ordføraren svara på spørsmålet.